



Hafstad vgs.  
Vestland fylkeskommune

## Handlingsplan for trivsel og eit trygt og godt læringsmiljø



## Innhold

1. Opplæringslova kapittel 9A slår fast : .....	1
2. Definisjonar .....	2
3. Mål for Hafstad vidaregåande skule .....	3
4. Førebyggjande arbeid.....	3
4.1 Tiltak og ansvar:.....	4
4.2 Informasjon.....	5
4.3 Kva kan du som elev gjere for å bidra til eit trygt og godt miljø?.....	5
4.4 Evaluering av det førebyggjande arbeidet .....	6
5. Avdekking og aksjon .....	6
5.1 Aktivitetsplikta .....	7
5.2 Klagerett .....	9

Eit godt skule- og læringsmiljø er ein rett elevane har òg ein føresetnad for trivsel og god læring. Denne handlingsplanen må sjåast i samanheng med handlingsprogram for folkehelse òg handlingsplan for det rusførebyggjande arbeidet.

## 1. OPPLÆRINGSLOVA KAPITTEL 9A SLÅR FAST :

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.
- Skulen har aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Det inneber at:
  - a) Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.
  - b) Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.
  - c) Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.
  - d) Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
  - e) Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.
  - f) Når det skal gjerast tiltak i ei sak skal skulen lage ein skriftleg plan, ein aktivitetsplan. I planen skal det stå
    - a) kva problem tiltaka skal løyse
    - b) kva tiltak skolen har planlagt
    - c) når tiltaka skal gjennomførast
    - d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
    - e) når tiltaka skal evaluerast.

- g) Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta

## 2. DEFINISJONAR

Det psykososialt skulemiljøet omfattar dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og tilsette opplever dette. Det handlar òg om elevane og dei tilsette si oppleving av læringsmiljøet.

Vi veit at mange faktorar verker inn på elevane sine opplevingar av det psykososiale skulemiljøet. Ei lang rekke indre og ytre faktorar er med i eit komplisert samspel – mellom individ, gruppe/familie, miljø og samfunn – og har betydning for det psykososiale skulemiljøet.

**Forhold som kan gjere elevar særskilt sårbare og utsette:** kultur, religion, økonomi, helse, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, åtferdsvanskar, forhold kring familie og heimesituasjon.

### Definisjon av mobbing

*Med mobbing eller plaging forstås vi psykisk og/eller fysisk vold rettet mot et offer, utført av enkeltpersoner eller grupper.*

*Mobbing forutsetter et ujevnt styrkeforhold mellom offer og plager, og at episodene gjentas over tid.*

(Roland og Vaaland 2003)

### Eksempel på kva mobbing kan vere

- Eleven blir gjentekne gangar erta, kalla stygge ting, får nedsettande klengjenamn, blir håna, audmykt, latterleggjort, skremt, nedverdiga, trua, gitt ordre, hersa med, undertrykt eller liknande.
- Eleven blir ledd av på ein uvennleg og spottande måte
- Eleven blir bevisst utestengt frå fellesskapet

### Eksempel på skjult mobbing / utestenging

- Ingen seier hei eller snakkar med eleven, som systematisk blir oversett
- Eleven blir bevisst fjerna/utestengt frå grupper på sosiale media
- Blir ikkje teken med i fellesskapet
- Ingen ynskjer sitte ved/vere på gruppe med /trekkjer pulten sin unna eleven
- Eleven får ingen invitasjon/blir bevisst utestengt frå å delta i aktivitetar og sosiale samlingar
- Det blir sendt blikk (*blikking*), laga grimasar og / eller gestar
- Baksnacking
- Manipulasjon gjennom venner

### Eksempel på nettmobbing

- Kommentrar, ryktespreiing og latterleggjering på sosiale media
- Posting av bilete /video ect. som kan oppfattast som krenkande

### Krenkande åtferd

Sjølv om ei handling ikkje går under definisjonen av mobbing kan den oppfattast som krenkande.

Eksempel på krenkande åtferd kan vere

- Enkeltståande handling som negative ord og utsegn om utsjåande, klede, dialekt, eigendelar m.m.
- Negativ og sårande åtferd mot medelevar eller andre
- Diskriminering, trakassering, rasisme og vold

### 3. MÅL FOR HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE

**Overordna mål:**

At den enkelte elev opplever eit trygt og godt læringsmiljø som er fritt for mobbing, trakassering, rasisme, vald og rusmisbruk.

**Delmål:**

- Alle tilsette og elevar er aktivt involvert i arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø
- Trivsel og skulemiljøet blir kontinuerleg vurdert i dei einskilde klassane
- Alle skal ha nokon å vere med
- Lærarar/ andre tilsette og elevar viser kvarandre gjensidig merksemd, toleranse og respekt, og utviklar gode rutinar for å førebygge òg handsame problem og mistrivnad
- Det blir lagt til rette for auka kunnskap og personleg utvikling hjå eleven
- Vi inspirere elevane til å ta aktivt del i opplæring og miljøskapande arbeid
- Det blir skapt òg vedlikehalde gode tilhøve mellom lærarar/andre tilsette og elevar, og elevane i mellom, i og utanfor opplærings situasjonen
- Alle tek ansvar for å halde det ryddig, ordentleg og triveleg rundt seg
- Vi påverkar og inspirerer til felles skuleidentitet

### 4. FØREBYGGANDE ARBEID

Eit godt og trygt læringsmiljø er ein rett elevane har og ein føresetnad for god læring.

Arbeidet er både systemretta og individretta, forankra i skulen sine ulike årshjul og planar:

- Handlingsplan folkehelse
- Årshjul for elevrådsarbeid
- Skulen sitt systemretta arbeid etter opplæringslova § 9A
- Skulen sitt system for å sikre eit godt læringsmiljø og elevane sitt utbytte av opplæringa
- Handlingsplan rusførebyggande arbeid
- Utviklingsplanen
- HMT-plan
- Årshjul SLT-samarbeid ( Samordning av lokale rus og kriminalitetsforebyggende tiltak) kommunen, politi, barnevern, helsestasjon m.m.

## 4.1 Tiltak og ansvar:

	Tiltak	Ansvar
1	Mottakssamtale med vg1 elevane -inkl. kartlegging av nettverk i klassen (jf. retningslinjer aktivitetsplikta-skjema )	Kontaktlærer
2	Vg2 og vg3- kartlegging av nettverk i klassen + kartlegging av klassemiljøet (jf. retningslinjer aktivitetsplikta)	Kontaktlærer
3	Kontaktlærer gjennomfører kartlegging av klassemiljøet, <u>minimum to gonger pr. termin, før kvart klasselærarråd.</u>	Kontaktlærer
4	Bli-kjent-tiltak ved skulestart for alle Vg1-klassar m.a. Bli-kjend-tur til Skilbrei	Kontaktlærer
5	Basistime (kontaktlærer og klassen) timeplanfesta time per veke -fokus på trivsel og klassemiljø / kartlegging av klassemiljø -sake til/frå elevrådet	Kontaktlærer
6	Klasselærarråd – trivsel og klassemiljø skal stå på sakslista	Kontaktlærer
7	Klasseleing - Kontaktlærer lagar klassekart - Faglærer set saman grupper ved t.d. gruppe- og prosjektarbeid	Kontaktlærer Faglærer
8	Kontaktlærer og elevar lagar klassereglar i tillegg til dei grunnleggjande klassereglane som seier: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje forlate klasserommet utan løyve frå lærar.</li> <li>• Mat og drikke er ikkje tillate på spesialromma.</li> <li>• Mat er ikkje tillate i timane.</li> <li>• Lydlaus mobil skal ligge i sekken.</li> <li>• Komme presis til time med nødvendig utstyr.</li> <li>• Lærar styrer PC-bruken i timane.</li> </ul> Lage plan for ordenselevar. Planen skal slåast opp i basisrommet. Ordenselevar sine oppgåver: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lufte klasserommet</li> <li>• Ha eit ansvar for at det til ei kvar tid er orden i klasserommet</li> <li>• Vaske tavla</li> <li>• Tømme papirkorger (blå kassar) i papirdunkane på tømmestasjonane.</li> <li>• Assistere lærar (utdeling, registrering, innsamling og liknande) når lærar ber om det</li> </ul>	Kontaktlærer /klasse
9	Lærarane og elevar diskuterer korleis skulen sine verdiar skal bli synlege kvar dag i klassen og i skulemiljøet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Engasjement</li> <li>• Toleranse</li> <li>• Nysgjerrigheit</li> <li>• Respekt</li> </ul>	Kontaktlærer/faglærarar
10	Velje tillitsvalde elevar til elevråd og «talselevar» programfaggrupper	Kontaktlæra / faglærer Kontaktlærer/tillitselev

	-følgje opp årshjul for basistimane	
11	Elevmedverknad – gje elevane kunnskap/ bevisstgjeriing av korleis dei kan engasjere seg og påverke, t.d. gjennom eit aktivt elevråd	Faglærarar/leiing/rådgivarar/ miljøkoord.
12	Miljøveker	Kontaktlærar/klasse
13	Friminuttaktivitetar	Miljøkoord. / elevråd
14	Godt førebudde elevsamtalar/fagsamtaler minimum 2 gonger per år.	Kontaktlærar
15	God informasjon til elevane om deira rettar og plikter m.a. om - kva gjer eleven når han/ho ikkje opplever eit godt og trygt læringsmiljø (informasjon på skulen si nettside)	Kontaktlærarar
16	God informasjon om skulen, m.a. gå igjennom skulen si heimeside	Kontaktlærar
17	Gi støtte til lærarar og klassar der det er utfordringar	Skuleleiing/rådgjevarar
18	Elevane får hjelp til å innarbeide gode arbeidsvanar	Faglærarane
19	Variasjon og differensiering av undervisninga	Faglærarane
20	God kontakt mellom skule og heim <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontakt straks ved bekymring for eleven</li> <li>• Tilbakemeldingar som kan hjelpe eleven i samtale på foreldremøte</li> </ul>	Kontaktlærar/Faglærarar
21	Krise og beredskapsplan lett tilgjengeleg for lærarar i Skuleportalen <ul style="list-style-type: none"> <li>- M.a. om <ul style="list-style-type: none"> <li>o Kva skal ein gjere når alvorlege kriser/hendingar oppstår</li> </ul> </li> </ul>	Rektor

## 4.2 Informasjon

Skulen har plikt til å informere elevar og foreldre om rettane i §9A. Dette vert gjort ved skulestart og på foreldremøte.

- Kort informasjonsskriv blir lagt ved i «velkommenkonvolutten» som blir sendt elevane før skulestart
- Rektor gjev vg1 elevar informasjon om nulltoleransen og aktivitetsplikta ved mottak første skuledag
- Kontaktlærar følgjer opp informasjonen i klassane og viser informasjonen som ligg på skulen si heimeside
- Rektor informere på informasjonsmøte for vg1- foreldre første skuledag, samt viser kvar dei finn informasjon på skulen si heimeside.

## 4.3 Kva kan du som elev gjere for å bidra til eit trygt og godt miljø?

- Opptre høfleg og respektfullt ovanfor alle
- Invitere andre med på samtalar og aktivitetar
- Opptre inkluderande og omsorgsfullt mot alle, både i klassesamanheng og i friminutt
- Kjenne til kva tiltak skulen har for trivsel og elevmiljø
- Ikkje ver passiv tilskodar til trakassering/krenking/mobbing/utestenging.
- Varsle: sei ifrå til nokon av dei tilsette på skulen dersom du ser ein elev, eller opplever sjølv å bli trakassert/krenka/mobba/utestengt.
- Be skulen om at tiltak blir sett i gang. Ein heil klasse eller elevrådet kan også be om tiltak.

## 4.4 Evaluering av det førebyggjande arbeidet

- Basistimen/kontaktlærartimen
  - Kartlegging av klassane sitt sosiale miljø ved bruk av spørjeskjema
- Elevråd/ elevstyret
- Lærer/rådgivar/miljøkoordinator/helsesøster/ tilsette sine observasjonar og dialogar med elevar og foreldre
- Klasselærarråda
- Elevundersøkinga
- *Ungdata*-undersøkinga

Disse kan avdekke omfanget av elevane sin trivsel og om det foregår mobbing. I tillegg kan det gje informasjon om kvar på skulen det eventuelt skjer og om tiltak som vert sett i verk har ein verknad.


## 5. AVDEKKING OG AKSJON

Det kan vere vanskeleg å oppdage mobbing fordi mesteparten av mobbing og trakassering føregår på måtar som er vanskeleg å sjå, eller på arena der voksne/tilsette ikkje er til stade. Det er difor viktig at du som elev seier i frå når du ser at ein medelev blir utsett for negativ og krenkande adferd.

Gjennom systemisk arbeid er skulen aktiv på fleire områder for å avdekke mobbing og trakassering

- Lærer/rådgivar/miljøkoordinator/helsesøster/ tilsette sine observasjonar og dialogar med elevar og foreldre
- Klassemiljø og trivsel tema i basistimen – kartlegging av det sosiale miljøet i klassen
- Klassemiljø tema i klasselærarråda
- Skulemiljø og trivsel tema i elevråd
- Elevundersøkinga
- Mobbeknappen

**Mobbeknappen** Eigen meldeknapp om mobbing på heimesidene til skulane. Målsetninga er at det skal vere eit låg-terskel-tilbod får å melde frå om mobbing. Når ein melder frå via mobbknapp blir det oppretta ei E-sak der rektor blir varsla. Det blir registret kva skule det gjeld, meldar med namn og telefonnummer. Skulen skal ta tak i saka innan det har gått **ei veke**. Deretter skal skulen lage ein skriftleg plan, gjerne i samarbeid med elev/føresette for kva tiltak som skal setjast inn for å hjelpe.



## 5.1 Aktivitetsplikta

1. Alle som arbeider på skulen har plikt
  - til å følge med
  - til å gripe inn i akutte situasjonar
  - til å varsle all mistanke og kjennskap til rektor
  - til å medverke til at det blir sett inn tiltak
  
2. Rektor har ansvaret for at saka blir undersøkt for å finne ut kva som ligg til grunn for eleven sine opplevingar. Undersøkinga skal belyse
  - Eleven sin subjektive oppleving
  - Fakta om situasjonen
  - Faktorar i skule- og klasse miljøet som kan bidra til at eleven ikkje har det trygt og godt

I samråd med kontaktlærer/avdelingsleiar/ rådgivar/ miljøkoordinator sikrar rektor

- a. at det blir gjennomført nødvendige undersøkingar og samtaler
    - i. med den som er utsett for krenkinga
    - ii. andre involverte
    - iii. den/dei som er mistenkte for handlinga
    - iv. vurdere undersøking av eleven sin kontekst ved t.d. kartlegging av det sosiale miljøet i klassen gjennom spørjeundersøking og/eller observasjon,
    - v. informasjon til føresette
  - b. Vurdere saka i lys av fakta som er avdekka.
3. Når det skal gjerast tiltak har rektor ansvaret for at det blir utarbeidd ein aktivitetsplan , der det skal gå fram:



- a. kva problem tiltaka skal løyse
  - b. kva tiltak skulen har planlagt
  - c. når tiltaka skal gjennomførast
  - d. kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka
  - e. når tiltaka skal evaluerast
4. Skulen skal dokumentere kva som blir gjort.
- a. den som melder frå leverer meldeskjema til rektor
  - b. dei som gjennomfører ulike samtaler (pkt. 2a over) må skrive notat frå samtalene og levere rektor
  - c. rektor skriv aktivitetsplan i samråd med kontaktlærer, elev og eventuelt foreldre
  - d. dei som er ansvarlege for gjennomføring av tiltaka dokumenterer undervegs
  - e. samla dokumentasjon blir arkivert i ESA

## Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein tilsett ved skulen krenkjer ein elev

Dersom ein får mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering skal vedkommande

- straks varsle rektor og levere utfylt meldeskjema til rektor
- Rektor skal varsle skuleeigar

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga

- Straks varsle skuleeigar direkte òg sende utfylt meldeskjema
- Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks (§ 9 A-5).



1. Rektor undersøker saka snarast mogleg. Dette bør være gjort i løpet av ein - to veker.
  - a. Samtale med den varselet gjeld. Vedkommande skal få tilbod om å ta med tillitsvalde.
  - b. Samtale med elev som skal ha vore utsett for trakassering. Eleven skal få tilbod om å ta med føresette, rådgjevar eller elev- og lærlingombod
  - c. Evt. ny samtale med den varselet gjeld. Vedkommende skal ha anledning til å kommentere eleven sine uttalelser.
  - d. Evt. andre kilder.
2. Rektor konkluderer på grunnlag av fakta som er komme fram i saka.

Eit internt dokument skal lagast og arkiverast i ESA på same saksnummer som varselet.

Dokumentet skal innehalde:

- Namn på den tilsette varselet gjeld.
- Kort om korleis undersøkinga er gjennomført.
- Konklusjon.

3. Dersom konklusjonen er at det ikkje er grunnlag for mistanke om krenking, vert saka avslutta.

Dersom undersøkinga syner at det kan være grunnlag, vert saka følgd opp som ei personalsak.

Skulen må straks setje i verk tiltak for at eleven skal ha det trygt og godt på skolen. Samtidig må den tilsette sine rettar ivaretakast.

Den tilsette saka gjeld, skal få kopi av alle dokumenter i saka.

## 5.2 Klagerett

Elevar og foreldre har klagerett og kan melde saka direkte til fylkesmannen dersom dei meina at skulen ikkje handsamar saka på ein tilfredsstillande måte.

Sist revidert 01.07.2021

Nina Bygstad

-rektor-